



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 06.05.2015  
**Møtetid:** 08:30 - 15:30  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>

**Andre som var til stades på møtet:**

Rådmann Ramsli, Ass.rådmann Våge. Einingsleiar for pleie – og omsorg Hjartnes og skule- og barnehageansvarleg Høysæter Steinsland under drøftinger om kvalitet på tenestene

<b>Møteleiar:</b>	Marit Aase (Krf)
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge

**Merknader:** Birthe Skar-Moum (Ap) var ugild i sakene 05/15 og 06/15.

Notat vedk. Kvalitet vart gjennomgått i workshop etter handsaming av sakene

**Orienteringar/meldingar:**

Ordførar orienterte om følgjande:

- Møte vedk. mottak av flytningar i Samnanger.
- Avtalar som er inngått med grunneigarar på Bjørkheim i samband med gjennomføring av reguleringsplanen.
- Møte med Vestlandshus med mål om å løyse kommunen frå avtalen ein har med dei på utbygging på Lønnebakken.
- Er det behov for formannskapet å drøfte det som gjeld Aust-vest sambandet ? Fylkeskommunen har konferanse den 4.juni som medlemmane bør vurderer å reisa på.
- Om framføring av offentleg vassforsyning til Frøland evt. Tysseland. Det gjenstår forhandlingar med BKK.
- Oppseiing frå Magda Haugen var levert ut. Ordførar orienterte.

Rådmann orienterte:

- Bergen kommune førebur no tilbod om barnevernstenesta til SK. Kvam vil og gje tilbod. Mest realistisk er å få dette politisk handsama til hausten,

	<p>med overtaking frå 1.januar.</p> <p>-Innbyggjar som har klaga til kontrollutvalet. Dersom det vert behov for forvaltningskontroll kan det kome spørsmål om ekstraløyving til dette.</p> <p>- Framdrift for ny organisering.</p>
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	<p><u>Bright Olav Gåsdaal (Ap)</u> hadde kommentar til Statens Vegvesen sitt ansvar i høve til reguleringsplan for Tyssetunellen der dei har vist til kommunen som ansvarleg for at det ikkje er avsett plass til busstopp ved Gaupholm camping.</p> <p><u>Gunnar Bruvik (Frp)</u> om overtaking av Fv 48 Ytre-Tysse – Gaupholm.</p> <p>Krav til likestilling i formannskap og utval.</p>
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	<p>Årsmelding på papir.</p> <p>Oppseiing frå Magda Haugen</p>

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 15.05.2015

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/15	15/319	Faste saker	
004/15	12/475	Tilleggsøyvingar til opning av Tyssetunellen	
005/15	15/309	Oppussing av kommunalt bygg - adr. Reistadliane 39 - , finansiering	U Ikkje offentleg
006/15	12/336	Sak om for mykje utbetalt løn til tilsett i Samnanger kommune	
007/15	10/246	Strategisk næringsplan for Bergensregionen	

**SAKNR. 003/15**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**06.05.2015 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: **Brigt Olav Gåsdal (Ap)** stilte spørsmål om manglande utsending av årsmelding til drøftingsak om kvalitet. Meldinga vart ettersendt slik at det vart svært kort tid til førebuing. Ordførar beklaga dette og orienterte om at notatet likevel kan handsamast, og at utvalet vil få orientering undervegs.

**Brigt Olav Gåsdal (Ap):** Reguleringsplan for Tyssetunellen og delar av Fv 48 vart fremja av Statens vegvesen (SV). Det er no retta kritikk/spørsmål frå Gaupholm camping om kvifor busstoppa som var ved campingplass er tekne bort. Gåsdal reagerer på vegvesenet si opptreden der dei viser til kommunen som ansvarleg.

**Gunnar Bruvik (Frp):** FV-48 gjennom Ytre-Tysse skal no bli kommunal veg. Vegen er no slitt pga all tungtrafikken. Håper vegen vert sett i stand. Det vart vist til at kommunen har sendt skriv til vegvesenet med påpeiking av ei rekke forhold som må ordnast opp i før overdraging. Naturutvalet har hatt saka til orientering/drøfting. Korleis vert kjønnsamansetninga i formannskapet dersom det er stort fleirtal av menn i det nye kommunestyret ? Valstyret vil få ei orientering om reglane for dette den 20.mai.

**FORM-003/15 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 004/15**

**TILLEGGSLØYVINGAR TIL OPNING AV TYSSETUNELLEN**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert løyvd inntil kr 10.000 til bruk for kommunen i samband med opning av Tyssetunellen. Utgiftene kan førast på konto nr. 1,1402.1400.3251 Marknadsføring.

**06.05.2015 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

**FORM-004/15 VEDTAK:**

Det vert løyvd inntil kr 10.000 til bruk for kommunen i samband med opning av Tyssetunellen. Utgiftene kan førast på konto nr. 1,1402.1400.3251 Marknadsføring.

#### **SAKNR. 005/15**

#### **OPPUSSING AV KOMMUNALT BYGG - ADR. REISTADLIANE 39 - , FINANSIERING**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Delar av tidlegare Nordbygda barnehage vert teken i bruk til avlasting. Det vert sett i gang oppussing innan ei økonomisk ramme på maksimalt 250.000 kroner som vert finansiert som fylgjer:  
Kr 100.000 vert overført frå konto nr. 1.3700.3100.2341

*Forslag til finansiering av resterande sum vert lagt fram i møte*

#### **06.05.2015 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: **Birthe Skar-Moum (Ap)** bad om å få vera utgild i saka og gjekk ifrå. Ho har vore med å førebudd saka. Det var ikkje kalla inn vara. Skar-Moum (Ap) var funnen ugild med 5 mot 1 røyst.

Rådmannen trekte tilrådinga si og la i møtet fram ny tilråding:

Delar av tidlegare Nordbygda barnehage vert teken i bruk til avlasting. Det vert sett i gang oppussing innan ei økonomisk ramme på maksimalt 250.000 kroner som vert finansiert som fylgjer:

Kr 100.000 vert overført frå konto nr. 1.3700.3100.2341

Kr 50.000 vert overført frå konto nr 1.0100.3100. 2341

Kr 100.000 av avkasting aksjar Nordisk Areal.

Rådmannen presiserte at det var uvisse knytta til innsparing på lønsbudsjettet til bufellesskapet, noko som gjera at det kan vera aktuelt å fremja ny finansiering i juni.

Det vart røysta over tilrådinga som vart samrøystes vedteke.

#### **FORM-005/15 VEDTAK:**

Delar av tidlegare Nordbygda barnehage vert teken i bruk til avlasting. Det vert sett i gang oppussing innan ei økonomisk ramme på maksimalt 250.000 kroner som vert finansiert som fylgjer:

Kr 100.000 vert overført frå konto nr. 1.3700.3100.2341

Kr 50.000 vert overført frå konto nr 1.0100.3100. 2341

Kr 100.000 av avkasting aksjar Nordisk Areal.

#### **SAKNR. 006/15**

#### **SAK OM FOR MYKJE UTBETALT LØN TIL TILSETT I SAMNANGER KOMMUNE**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune melder sak om tilbakebetaling av for mykje utbetalt løn til ein tilsett inn for behandling i forliksrådet. Kommunen sitt krav er at den tilsette skal tilbakebetala 25.000 kroner av summen på ca. 50.000 kroner ho fekk utbetalt for mykje i perioden mai 2013 – januar 2014.

### **06.05.2015 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Birthe Skar-Moum (Ap) bad om få vera ugild sidan ho er leiar for den det gjeld. Ho vart samrøystes funnen ugild.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

### **FORM-006/15 VEDTAK:**

Samnanger kommune melder sak om tilbakebetaling av for mykje utbetalt løn til ein tilsett inn for behandling i forliksrådet. Kommunen sitt krav er at den tilsette skal tilbakebetala 25.000 kroner av summen på ca. 50.000 kroner ho fekk utbetalt for mykje i perioden mai 2013 – januar 2014.

### **SAKNR. 007/15**

### **STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **06.05.2015 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Formannskapet førebur uttale til kommunestyremøtet den 20 mai.

Samrøystes vedteke. Planen vert sendt ut ilag med protokollen i god tid til kommunestyret.

### **FORM-007/15 VEDTAK:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

